



Pressemelding – 9. juli 2021

Smittetilfelle knytt til aktivitetsveke på Radøy

30 barn og 14 aktivitetsleiarar er i karantene etter at ein person knytt til sommarskulen har fått påvist koronavirus.

Alver kommune har ei rekkje tilbod til barn og unge i sommarferien. Personen som har fått påvist koronavirus har vore på aktivitetsveke for barn i 1. – 6. klasse på Manger.

..... Dette betyr at ei rekkje barn og vaksne er i karantene og må teste seg for koronavirus. Koronasenteret har tatt direkte kontakt med alle som skal teste seg.

– Vi hadde 30 barn på dette tilbodet, som vart avslutta i dag. I tillegg har 14 aktivitetsleiarar bidratt ein eller fleire av dagane, fortel ungdomskordinator Robert Lorang Hansen.

Situasjonen påverkar ikkje andre liknande tilbod i sommar.

Kontaktperson for pressemeldinga:

Eirik Bouwer Utne, kultursjef i Alver kommune
Mobil: 934 13 089